



Tove Lill Lakselv i ferjekiosken DRÅPEN kan syna til god omsetnad sidan oppstarten i mars månad.

Tove Lill og Ronny Lakselv frå Uskedalen driv ferjekiosken DRÅPEN i rute 2 på MF HORDALAND i sambandet Årsnes - Varaldsøy - Gjermundshamn. Med snart 5 månaders drift kan kan vertsskapet syna til ei drift som går langt betre enn forventa. Ein kiosk med eit variert varetilbod. god marknadsføring og andre kreative tiltak er truleg grunnen til det gode resultatet.

Kiosken DRÅPEN har eit tradisjonelt og godt varetilbod med mellom anna hamburger, ostepølse, potetmos og pølse, kaffi og mat som høyrer til. Overfarten varierer frå 20 til 40 minuttar, alt utfrå om ein har Varaldsøy som stopp eller ikkje.



DRÅPEN med sine tilleggsfunksjonar er ein viktig del av drifta. Det siste og nye er tilbod om hurtiglading av mobiletelefonar på overfarten.

Nokre tilleggsstenester er ein viktig del av drifta og for å skapa trivsel for dei reisande. Det er tilbod om kortspel og andre spel for borna. Det siste er utstyr for hurtiglading av mobiletelefonar. Alt dette har ein positiv verknad. Passasjerane kjem ned i salongen og det fører til auka omsetnad i kiosken.

Uskedalen.no har merka seg god og kreativ skilting på kaiene og om bord. DRÅPEN er på Facebook og vertsskapet får gode tilbakemeldingar frå kundane.

Tove Lill og Ronny er takksame for den gode mottakinga og at dei reisande brukar ferjekiosken. Ferja i rute 1 er langt større, går direkte og tek meir bilar, men det kan vera ein fordel å vera i rute 2 med Varaldsøy som stopp og dermed lengre overfart. Det er uvisst kva verknad det får at ferja i rute 1 skal bytast ut med ei eldre ferje utan salong og kiosk oppe.

MF HORDALAND held fram i rute 2. Ferja frå 1979 var lenge den største ferja i HSD flåten før storferjene STORD og ULLENSVANG kom til ti år seinare.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kreativ og god synleg marknadsføring er truleg ein medverkande faktor til den gode drifta så langt.